

Alver Kommune  
v/byggesak  
Postboks 4  
5918 Frekhaug

Knarvik, 21.09.2020

### Søknad om løyve til planering av område BB2 kubbaleitet reguleringsplan gbnr 137/803 mfl.

Me har tidlegare i år fått løyve til VVA prosjekt trinn 3 (sak 20/7972) på Kubbaleitet, i det inngår mellom anna veg o\_V5, fortau o\_F7 og parkeringsplass f\_P2.

I tilknytning til dette området ligg også bustadområde BB2 (og f\_F8).

f\_P2 og BB2 er del av same «fjellhaugen», og vi ønskjer difor å ta ned og planere heile dette området som naturleg heng saman. Dette tenkt gjort i ein eingang for å gjere belastninga på naboar og andre i område (t.d bygningsarbeidarar) så kort som mogeleg. Det vil også vere ressurs og miljøsparande. Behovet for å sikre området i ettertid vil vere vesentleg mindre. (ingen større skjeringar).

I samband med arbeid både med VVA prosjektet og seinare byggeprosjekt på BB2 i løpet av 2021 og 2022, vil det vere behov for riggplass for utstyr, materiell og mannskap. Då er det fint med ein stor flat plass.

BB2 vert grovplanert på nivå +21,4, dette er berekna ut i frå ei maks byggehøgde bygg på +31 i samsvar med reguleringsplan. Det vert også sprengt ut for regulert område for parkeringskjellar under bygg 3 (nord), men planert i same høgde som resten av området.

### Nabovarsel

Det vert truleg seinare i haust aktuelt å endre løyve til også å omfatte parkeringskjellar under bygg 2 (midt). Dette om mindre endring av reguleringsplan vert vedtatt (er til handsaming). I nabovarsel (sitplan 04092020 og snitt 390) er det difor vist utsprenging også under bygg 2 (midt). Dette for å unngå å varsle på nytt.

I kvittering frå Altinn kjem det fram at ein av (dei 5) eigarane av gbnr 137/38 ikkje har fått varsel/feil frå Altinn eller anna. Vi ber difor om unnatak om varsling til denne personen. Vi grunngjev dette med at alle eigarane er slektingar, at ein av desse, eigar av gbnr 137/487 bur og er næraste nabo til tiltaket, utan å ha kome med merknad til tiltaket.

Det er ikkje kome merknader til utsendt nabovarsel.

### Massehandsaming.

Det vil vere ein del overskotsmassar. Desse vert bortkjørt til godgjende deponi/ andre anleggsområde i nærleiken som har behov for stein. Det kan og i perioden verte nytta knuseverk, slik planen legg opp til.

#### VISJON:

HEILSKAP  
OG KVALITET

Osterfjordv.124  
5914 Isdalstø

Org.nr :  
982 231 345

epost: [post@reigstadbygg.no](mailto:post@reigstadbygg.no)

heimeside: [www.reigstadbygg.no](http://www.reigstadbygg.no)

Dagleg leiar:  
**Geir Reigstad**  
92 60 82 35  
[geir@reigstadbygg.no](mailto:geir@reigstadbygg.no)

#### Bygg

Fagleg leiar:  
**Håkon Reigstad**  
92 60 82 36  
[hakon@reigstadbygg.no](mailto:hakon@reigstadbygg.no)

Fagleg leiar  
byggesak og  
prosjektering:  
**Kjell Reigstad**  
97 74 79 64  
[kjell@reigstadbygg.no](mailto:kjell@reigstadbygg.no)

Teikning  
Prosjektering,  
Byggesak  
Nybygg  
Tilbygg  
Bustad  
Garasjar  
Hytter

#### Entreprenør

Fagleg leiar  
**Rolf Reigstad**  
90 03 97 61  
[rolf@reigstadbygg.no](mailto:rolf@reigstadbygg.no)

Graving,  
Boring  
Sprenging  
Transport  
Støyping  
Natursteins  
Muring  
Uteareal  
Grøntareal

**Tidsplan.**

Heile området ferdig utsprengt pr. 01.01.2021

Halve området grovplanert til 01.02.2021

Heile området grovplanert til 01.04.2021

I etterkant av dette vil VVA prosjektet fullførast i løpet av hausten 2021

Byggesak bygg nr.1 område BB2 planlagt pr. 01.12.2020

Oppstart bygging bygg 1 pr. 01.02.2021.


Oppstart bygging bygg 2. pr. 01.09.2021

Oppstart bygging bygg 3 pr. 01.02.2022.

Ta gjerne kontakt om noko er uklart!

Med vennleg helsing

For Reigstad Bygg og Eigedom as



Kjell-A. Reigstad

Ansvarleg søkjar